



## Saksframlegg

### Tilrettelegging for buss ved Ørsta Volda Lufthamn Hovden

#### **Samandrag:**

Ørsta Næringskontor har teke initiativ til eit spleiseland der Ørsta og Volda kommunar, samt Avinor saman skal finansiere tilrettelegging av eit busstopp inne på området til Ørsta Volda Lufthamn Hovden. Løysinga er godkjent av Møre og Romsdal Fylkeskommune.

#### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Volda kommune er positive til å ta del i denne tilrettelegginga for eit betre kollektivtilbod, føresetnaden er at Avinor og Ørsta kommune deltek.

Kommunestyret vedtek at Volda kommune går inn med kr 50.000 finansiert av ubundne disposisjonsfond.

**Saksopplysningar:**

Det har lenge vore ynskjeleg at bussrutene mellom Ørsta og Volda kan legge turen innom Ørsta Volda Lufthamn Hovden. Dette er førebels ikkje mogeleg utan ei ombygging inne på parkeringsplassen, då bussen treng meir areal for å få tilstrekkeleg svingradius. Etter ei ombygging vil bussen kunne køyre heilt inn til avgangs- og ankomsthall.

Avinor vil stå som ansvarleg bestillar og avtalepart til entreprenør. Avinor vil også bidra i monteringsarbeid, kontroll og igangsetjing av remontert anlegg.

Avinor har fått eit tilbod frå Strandmann Maskin AS på kr 122.000. I tillegg kjem kopling av elektrisk anlegg, denne kostnaden dekkjer Avinor som sin del av spleiselaget. Volda kommune sitt tilskot i prosjektet vil vere kr 50.000.

**Vurdering og konklusjon:**

Dette prosjektet vil gi positive ringverknader for lufthamna, samt gjere det lettare og rimelegare for dei reisande som skal til og frå flyplassen. Her er mange potensielle godar å hente ut av denne tilrettelegginga, utan at det krev dei store ressursane.

Utvikling av kollektivtrafikken er i tråd med Volda kommune si satsing på ei berekraftig utvikling, ref. FN sine bærekraftmål og vedtatt innkjøpsstrategi.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen

Miljøkonsekvensar:

Eit utvida kollektivtilbod kan vere positivt for miljøet

Økonomiske konsekvensar:

Satsinga vil koste Volda kommune kr 50.000.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Konsekvensar for barn og unge:

Det vert lettare for barn og unge å reise til og frå flyplassen

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?  
Nei

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Rune Sjurgard  
kommunedirektør

